



Tingvoll, 26.4.2023

Herøy kommune  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

## **Dispensasjon turveg - Leikong - klage**

Vi viser til dykkar ref. 19/10790 23/4503, vedtak i Utval for samfunnsutvikling i sak 46/23 den 11.4.2023.

Naturvernforbundet er kjent ved vedtaket i form av tilsendt vedtak på Altinn 21.4.2023, og legg dette tidspunktet til grunn for når vi kunne gjere oss kjent med saka.

Naturvernforbundet klagar på vedtaket. Vi meiner det er både feil og ugyldig.

Liknande søknad har vore til handsaming tidlegare. Vi har missa tellinga over kor mange gongar vi har levert fråsegn til denne saka, og kлага på vedtaka. Vi viser difor til både tidlegare klager og fråsegner i denne saka.

### **Inngrep i ein utvald naturtype utan at naturmangfaldlova kap. VI er nytta**

I vedtaksdokumentet er «naturmangfoldlov» nemnt 5 stader. Ingen av stadene viser til kap. VI i lova, der reglar for handsaming av utvalde naturtypar er nemnt. Det tyder at saka manglar heilt eller delvis vurderingar etter reglane som spesielt gjeld utvald naturtype. Mangelen kan gjere vedtaket ugyldig.

Tidlegare er det spela inn frå Naturvernforbundet at det i området er ulike heitypar, truleg også kystlynghei. Nytt i saka no er at det ligg føre ei kartlegging etter NiN-metodikken som slår fast at det er kystlynghei langs heile vegtraseen, bortsett frå heilt øvst der det er ein liten flekk med noko anna.

Kystlynghei er ein utvald naturtype om det etter tidlegare kartleggingsmetodikk er tale om A- eller B-verdi. Sidan forskriftene ikkje er tilpassa NiN-systemet kan det juridisk vere eit spørsmål om vi i det heile har noko kystlynghei eller andre semi-naturlege naturtypar som er utvald naturtype. Samfunnet brukar i alle fall millionar årleg til skjøtsel som om dei framleis skal reknast som utvald naturtype, så vi legg til grunn at ein bruker regelverket som om det er tale om utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Kartlegginga her viser elles at kystlyngheia i dette området har høg kvalitet, og må kvalifisere til utvald naturtype også etter NiN-systemet når alt er ordna.

Kommunen må i denne saka følgje naturmangfaldlova § 53 som seier noko om mellom anna krav til utgreiing, heilskapleg vurdering og tilrettelegging av erstatningsareal viss noko går tapt. Herøy kommune skal vere kjent med naturmangfaldlova og det står ikkje noko om at lova ikkje gjeld for Herøy. Dette med spesiell utgreiing og vurdering av erstatningsareal veit vi at Herøy kommune har vore borti, sidan det var tema i ei klage frå oss vedkomande eit vassverk i kommunen.

Det følgjer vidare av nml § 56 at vedtak etter kap. VI skal kunngjerast på nærare bestemt måte.

§ 53, 1. ledd, med vår utheving:

*Ved utøving av aktsomhetsplikten etter § 6 skal det tas særskilt hensyn til forekomster av utvalgte naturtyper for å unngå forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand.*

Særskilt er eit ord som har faktisk innhald. Dette tyder at kommunen faktisk må gjere noko meir enn det dei bruker å gjere når dei omdisponerer eit stykke areal.

Forringing er eit uttrykk som kan vere litt gamalmodig, men det tyder at noko blir dårlegare enn det har vore. Det tyder at ein må finne ut kva som skjer med, i dette tilfelle kystlyngheia, no, og i åra som kjem. Har beiting noko å seie? Vil beite kunne gjennomførast på same måte som før? Vil turgåarar langs grusveg godta at skoa blir svarte når lyngen blir brent? Vil dei som beiter med sau føle at brukarane av grusvegen ønskjer sauer som skiter på grusen ein viss plass? Opplevinga er forskjellig avhengig av om sauelorten ligg i stien eller på ein grusveg, for nokre.

Naturvernforbundet deltar årleg i sviing av kystlynghei i Møre og Romsdal. Vi veit godt at spørsmål som nemnt her, og mange fleire er aktuelle. Summen av ein del slike moment kan utgjere forskjellen på om kystlyngheia blir brent eller ikkje. Ei kystlynghei som ikkje blir brent lenger vil etter kvart slutte å vere kystlynghei. Då talar vi om det heilt sentrale i det kommunen skal vurdere nærare, og ta omsyn til.

Ordet unngå blir brukt i den aktuelle paragrafen. Det er altså ikkje spørsmål etter kva grunn ein har for ikkje å ville ta omsyn til den utvalde naturtypen. Her er utgangspunktet at ein skal unngå, ikkje at ein skal kjøpslå.

§ 53, 2. ledd, med vår utheving:

*Ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom skal det tas særskilt hensyn til forekomster av en utvalgt naturtype slik at forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand unngås. Før det treffes en beslutning om å gjøre inngrep i en forekomst av en utvalgt naturtype, må konsekvensene for den utvalgte naturtypen klarlegges. Kongen kan gi forskrift om utføring og behandling av en slik konsekvensanalyse.*

Her er det tale om å klarlegge konsekvensen av aktuelle tiltak. Det er ikkje det same som ei konsekvensutgreiing, men noko som kan likne ein del. Før ein gjer vedtak skal ein vite kva endringar ulike vedtak kan føre til. Utvalde naturtypar er natur som slit med å overleve, og då er det vesentleg at dei som skal gjere vedtak er meir enn alminneleg godt informert om kva vedtaket kan føre til. Det er eit ansvar for å sikre at naturtypen

finst også i framtida. Ein kan ikkje berre seie at det er for slitsamt eller for lite populært å ta vare på naturtypen, så ein let vere.

Ein kan sjå for seg at eit større område, kanskje ein kvadratkilometer av lia får redusert beite som følgje av tiltaket. Sjølv om grusvegen i seg sjølv utgjer berre eitt dekar, får inngrepet då verknad for 1000 dekar.

§ 53, 3. ledd, med vår utheving:

*Ved vurderingen av om den utvalgte naturtypes utbredelse eller økologiske tilstand forringes, skal det legges vekt på forekomstens betydning for den samlede utbredelse og kvalitet av naturtypen og om en tilsvarende forekomst kan etableres eller utvikles på et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av en slik forekomst.*

Kystlynghei finst mange stader langs kysten, i ulike variantar og tilstandar. Teigen som saka gjeld må sjåast i samanheng med andre førekomstar både i nærområdet, regionalt og nasjonalt. Storleik, grad av inngrep, innslag av framandartar og grad av bruk er døme på moment som har noko å seie for kvaliteten på kystlyngheilokaliteten.

I tredje ledd ligg det ei opning for erstatningsareal viss noko får redusert verdi eller går tapt. Å øydelegge eit areal med god kvalitet for så å erstatte dette med noko som har vesentleg dårlegare kvalitet som ein restaurerer er ikkje bra for førekomsten av kystlynghei, men kan vere betre enn ikkje å gjere det. Men då talar ein om inngrep av ein heilt annan type enn ein turveg.

I slike høve er det også eit betydeleg arbeid som skal leverast i form av restaurering av areal som ikkje på annan måte vil returnere til skjøtta kystlynghei.

### **Kunngjering**

Det følgjer av «Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven» § 4 at vedtaket av aktuell type gjort av kommunen er meldepliktig.

Ved sjekk av Miljøvedtaksregisteret 23.4.2023 finn vi ingen vedtak knytt til utvald naturtype i Herøy kommune.

Meldeplikta gjeld både vedtaket gjort no og tidlegare løyve i denne saka. Kommunen kan ta kontakt med Statsforvaltaren for å få nærare opplæring i korleis dette skal gjerast. Sidan det er fleire vedtak som må leggest inn i ettertid, så kan kommunen få øvd seg litt på dette. Truleg har kommunen gjort meldepliktige vedtak i fleire saker knytt til kystlynghei og kanskje andre utvalde naturtypar som bør rapporterast når ein først er i gong.

Vi har ikkje undersøkt om desse vedtaka er kunngjort i avis lokalt slik det går fram av nml. § 56.

### **Naturmangfoldlova kap. II**

Vi har registrert at arealet no er kartlagt etter moderne kartleggingsprinsipp. Resultatet samsvarar godt med det vi sjølv har trudd til no.

Natur og Samfunn AS har i tillegg gjort ein del konsekvensvurderingar etter naturmangfaldlova. Det er fleire av desse vurderingane vi meiner bygger på feil prinsipp.

Regiontilpassa frøblanding frå NIBIO er ikkje tilpassa til fjellsida ved Leikong. Det er rett at NIBIO har frøblandingar som er regiontilpassa, men dette er ikkje frøblanding som er tenkt til nært naboskap med t.d. kystlynghei. Den einaste frøblandinga ein bør bruke i dette området samlar ein i det same området. Alternativet er å ikkje så noko som helst.

Det tyder at ein anten må la vere å gjere inngrepet, eller setje dess større krav til den som skal utføre arbeidet.

Kunnskapsgrunnlag, jf. nml. § 8 blir oppgjeve som godt for artar, dvs. truleg karplanter. Det skal seiast at Geir Langlo ikkje har oppføringar på Artskart i det aktuelle området. Karsten Starheim som er oppgjeve å ha kartlagd i området har 3 registreringar i 2020. Det er i så fall ganske spinkelt, eventuelt lite transparent.

Langlo har ikkje nemnt at Naturvernforbundet har kartlagd ein del i 2019 og lagt inn registreringane på Artskart. Tar ein med dei ca. 50 registreringane som blei gjort av Naturvernforbundet, så kan det vere at kunnskapen om karplantene i området er god.

Når det gjeld nml § 9 og usikkerheit, seier Natur og Samfunn «Vi har difor ikkje funne grunn til å ta i bruk føre-var-prinsippet».


Vi skal ikkje seie i mot dette når det gjeld vurderingar jf. § 8. Når ein kjem til § 10 og sumverknad meiner vi at det er såpass manglar at vurderinga til § 9 blir feil.

Natur og Samfunn går ikkje nærare inn på kva som finst av kystlynghei i Herøy kommune, som eit minimum når ein vil seie noko om utviklingstrekk for kystlyngheia i området.

I Herøy kommune er det kartlagd mykje kystlynghei på Nerlandsøya, og mesteparten av areala der er i aktiv bruk. Elles er det anten uventa lite kystlynghei, eller det er lite kartlagd.

Frå Naturbase 23.4.2023:  
*Utvalet er utvald naturtype. Det tyder at det kan vere med andre utvalde naturtypar.*

*Vidare vil kystlynghei av lokal verdi etter eldre metodikk ikkje vere med.*



Natur og Samfunn oppsummerar med: "*Nedbygging er ikkje ein av dei største trugslane når det gjeld kystlynghei, og sidan det er eit relativt lite areal, meiner vi at inngrepet ikkje forsterkar dei samla verknadane i vesentleg grad*".

Det er ei rad små påverkingar som har ført kystlyngheia til å bli sterkt truga naturtype. Nedbygging er ein av desse. Fare for ytterlegare redusert beite er ei problemstilling. Auka vanskar knytt til sviing kan tenkjast å vere ein verknad. Auka fare for framande artar er også ein moglegheit. Det bør vere mange nok grunnar til ikkje å gjere inngrep i ein utvald naturtype.

### **Manglande heilskapleg tilnærming for friluftslivsutøving**

Vi har ikkje sett noko heilskapleg plan for ferdsel i utmark i Herøy. Vi møter derimot haldningar som

- Viss ein skal få folk ut må det opparbeidast veg med grusdekke.
- Alle gamle stiar utvidast som følgje av trakk og naturen må reparerast.
- Stiar er noko som finst langt inn og opp, og som spesielt interesserte får oppsøke sjølv.
- Om det ikkje finst gamle stiar igjen, så gjer det ikkje noko.
- Ein kan aldri få for mange opparbeidde turveggar

Ein tanke om at stiar utan grusdekke har ein kvalitet som er bra for beingrind og musklar og gjev ro i sinnet er gøymt langt vekk. At ein kan bestemme med ein plan kvar det skal vere naturlege stiar og kvar ein kan opparbeide gruslagde turveggar har vore etterlyst fleire gongar i samband med denne saka, men kommunen verkar å ha ein fobi mot ein slik tanke.

Dei som har glede av å gå på gruslagde veger får det dei vil ha i Herøy kommune. Slike veggar blir bygd utan at behovet for ulike typar stiar og veggar er vurdert. Dei som anten ikkje kan eller ikkje vil gå på slett veg må setje seg i bilen eller flytte til andre kommunar for å kunne gå på tur i natur.

Herøy har dermed ingen eigna reiskapar for å regulere interessemotsettingane knytt til naturleg sti og opparbeidd veg.

### **Vurderingar kring tiltak som følgje av slitasje**

Vi har ikkje noko dokumentasjon å vise til, men spor etter menneskeleg ferdsel kan truleg delast inn i 4 i dette høvet, basert på antaking:

1. Periode med mykje beiting og aktivitet knytt til landbruksutnytting av området. Området hadde nok då lite trevegetasjon. Dyr gjekk overalt heile sommaren, og dels om vinteren. Folk gjekk sine stiar, men også overalt, i mykje større omfang enn i seinare periodar.
2. Gjengroingsperiode, der det er færre beitedyr og kortare beitesesong. Dessutan går ikkje folk så mykje på stiane og mindre overalt. Skoggrensa kryp oppover og stiane gror smalare.
3. Folk kjem seg ut av sofaen. Dei gamle stiane framstår som attraktive, men den nye brukaren plagast ein god del med at kvite sko blir sølete og våte.
4. Alle problem er løyst. Vi brukar dei offentlege pengane våre slik at i alle fall dei friske folka mellom oss kan kome seg til fjells utan å bli skitne på skoa. Ryggane våre blir ikkje betre sidan vi har lagt oss til einsidige rørsler, og kjenslene våre får ikkje ro sidan det er så mykje som verkar forstyrrande.

Spørsmålet er om vegar teikna med linjal er løysinga på alt dette.

Det må vere ganske innlysande at det har vore ein del slitasje i terrenget tidlegare. Det er berre der det har vore bruk for transport med kjerre at det er noko som liknar vegar frå den gamle tida. Elles er det stiar i ulik breidde og form. Ein kan finne stader der det kan vere lagt opp ein liten mur av steinar frå området eller kanskje eit par heller som trapp. I våte parti kan det vere steinar i ei skrittlangde avstand. Alt er gjort med handreiskap og ingenting er beint. Stien er eit resultat av ein pågåande dugnad. Ei utbetring no og ei då, så små inngrep at ingen spurde nokon. Ein la merke til at ein stein var flytta sidan sist, og neste gong ein gjekk forbi så kjende ein ro og takksemnd. Ferdsl gav varierte rørsler, og slik er det endå viss det ikkje er bygd ny veg i same traseen.

Kva er så den slitasjen det er tale om i praksis. Nedanfor følgjer eit bilete frå Hustadvika kommune. Her ser vi kystlynghei, ei stripe dominert av finnskjegg, ei stripe prega av mineraljordsunderlag og ei stripe der ein går på torva, før det atter er kystlynghei. Det vi ser her har fellestrekk med stien ved Leikong og elles rundt om. Breidda på biletet er nok stort sett større enn det ein ser på Leikong.

Er dette eit problem? Viss beltet blir nokre meter breitt og er samanhengande, vil det i følgje definisjonane i NiN-systemet bryte opp større areal av kystlynghei til mindre lokalitetar. Det kan vere eit problem, men av systemteknisk og teoretisk art. For kystlyngheia som eit beitelandskap er det i alle fall ikkje negativt. Det skapar ein variasjon som kompenserer for at finnskjegg er lite etande for beitedyra. Landskapsmessig ser ein noko av dette på avstand, men det er ikkje linjalrette liner. At vatn graver og tar med seg usorterte massar frå høge fjellet og ned til havet er naturen sin gang. Ømme musklar får varierte rørsler. Skoa treng nok ein vask når ein kjem heim, men det bør ikkje vere noko stort problem.

I skildringa på Naturbase knytt til lokalitet Sætreliia, dvs. kystlyngheia kartlagd av Natur og Samfunn, står det følgjande: *«Det er ikkje registrert fremmede arter, menneskeskapte objekter eller slitasje i lokaliteten».*

Naturvernforbundet er både glad i naturen og vil gjerne passe på naturen. Då opplevast det merkeleg at kommunen tydelegvis meiner vi ikkje veit vårt eige og naturen sitt beste og vil påføre oss ein grusveg som løysing på dette som eigentleg er eit ganske lite problem.



Ein skal elles merke seg at maskingrus som dekke er eit framandelement i terrenget. Det har mest å seie estetisk, men er ofte grunnlag for transport at framande artar ut i terrenget. Bruk av duk over blaute parti er ei anna side av dette. Geotekstilar inneheld stoff som ikkje høyrer til ute i naturen. Å byte slitasje på terreng med tilførsel av framande massar og kunstig framstilt duk er ikkje nødvendigvis ein vinst.

### **Vurdering av landskapsverknad**

Landskapsverknad er eit tema i denne saka. Eit landskap utan tekniske inngrep oppfører seg på ein annan måte enn om det finst inngrep som syner på avstand. Eit fjell med eller utan «monstermaster» eller vindturbinar er døme på landskapsverknad som betyr noko for mange menneske. I denne saka vil det vere eit tema om inngrepet er i form av ein veg som oppfattast som ei line, eller ein sti som oppfattast som noko ubestemmeleg annleis.

Ein kan teste ut dette ved å tenkje seg to landskap med 5 vegar og 5 stiar. Korleis vil landskapet då bli oppfatta? Då vil stiane framleis vere noko ubestemmeleg annleis, vegane vil vere noko framandt, og det er klart negativt at det er 5 i staden for 1 når det gjeld veg, men ikkje nødvendigvis når det gjeld stiane.

Det er ein diskusjon om inngrepet med veg går over skoggrensa. Det er eit spørsmål knytt til ulike tilnærmingar. Landskapsmessig vil ein måtte basere seg på ei skoggrens der ho er i dag. Legg ein NiN-systemet til grunn, går skoggrensa der ho vil vere utan menneskeleg påverknad i form av t.d. beite eller sviing av lyng. Det er langt på veg ei teoretisk øving som ein ikkje treng gå inn på i denne saka. Landskapsverknaden av ei litt rufsete skoggrens slik ho er å sjå i dag bør leggest til grunn. Med det som utgangspunkt har ein litt ulike spelerom for korleis ein veg vil syne på litt avstand. Ein veg vil bli eit større landskapsinngrep ovafor skoggrensa.

### **Nytteverdi av turveg med tanke på dispensasjon**

Situasjonen i dag er at ein har tursti i omsøkte trase, og på andre sidan av fylkesvegen mellom anna har ein turveg. Viss søknaden får dispensasjon får ein meir turveg, men

misses ein vesentleg stibit. Å byte ut turstien med ein turveg vil i dette høvet representere eit tap for friluftslivet, sidan variasjonen i tilbodet vil bli mindre.

### **Tilsidesetting av arealføremål knytt til LNF**

Herøy kommune har i alle fall ikkje vedtatt arealføremål som seier at ein skal opparbeide småveggar nær veg og busetnad med grusdekke, og at stiar er noko ein berre skal ha langt frå veg.

I dette høvet er det ein L som opnar for t.d. beiting. N og F er knytt til at det er natur i området og at allment friluftsliv er mogleg/vanleg i området. Ein tradisjonell sti er i samsvar med alt dette. Ein grusveg er truleg ikkje heilt i samsvar med nokon av bokstavane, med mindre det er utrykkeleg sagt i arealplanen.

### **Konklusjon**

Endringane i den nye søknaden representerer ingen vesentleg skilnad frå den som blei avslått av Statsforvaltaren. Den nye naturfaglege undersøkinga slår fast det vi til no har antatt, at vegen i all hovudsak vil gå gjennom kystlynghei, ein utvald naturtype, som er raudlista som EN, sterkt truga.

### **Krav om oppsetjande verknad av klaga**

Vi bed om at klaga får oppsetjande verknad. Saka er ikkje vesentleg endra sidan Statsforvaltaren slo fast at det ikkje kunne gjevast dispensasjon for dette tiltaket.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)